

Årsmelding ØIL 2009

Styret i ØIL har i 2009 sett slik ut:

Leiar	Hilde Hysing-Dahl	(1 år)
Kasserar	Hilde Hysing-Dahl	(1 år)
Skrivar	Rune Vik	(1 år)
Styremedlem	Jan Tore Alvsaker	(2 år)
	Åshild Bekkesletten	(2 år)
	Per Dysterud	(1 år)
1. vara		(2 år)
2. vara		(2 år)

Styret har hatt 10 møte inkl. styremøte før årsmøte.

Gruppeleiarar (ikkje valt av årsmøtet):

Boccia/handicap	Olaug R Mæland
Fotball	Anders Lunde
Trim	Leiv Sandven
Turn	Åshild Bekkesletten
Orientering	Olav Kreken
Hopp	
Alpin	
Vektløfting	

ØIL-styrrepresentantar i Sjusete skisenter (ØIL eig 1/3 og Kvam LSK 2/3):

Magnar Dalatun	(2 år)
Einar Opsanger	(2 år)

Valnemd dette året: Lillian Digernes

Revisor Signe K. Kvamsøy

HOVUDSAKER:

- * Rekrutteringa til ØIL-hovudstyret har vore vanskeleg og utfordrande. Krev langsigting og målretta rekrutteringsinnsats.
 - * Det er gjort avtale med Kvam kraftverk om nedtaking av stolpar knytt til gammalt langrenns-/ slalåmanlegg på Myrane. Truleg skje våren 2010.
 - * Ny ØIL-heimeside er etablert men må følgjast opp vidare.
 - * ØIL-grasrotandelen utgjer for 2009 i overkant av kr. 90 000,-. Beløpet erstattar omtrent tidlegare automatinntekt. Gruppene må gjennom ØIL-budsjetten tilførast midlar som speglar aktiviteten.
 - * Arbeid med innhenting av politiattestar for personar som utfører oppgåver som inneberer tillits- eller ansvarsforhold overfor born/ungdom eller psykisk utviklingshemma.
 - * ØIL-vedtekter - reviderte vedtekter for ØIL vert fremja som årsmøtesak.
 - * Øystese-trimmen vert flytte frå haust til vår. Kanskje kombinere trimmen med andre arrangement, t.d. fotballkamp.
 - * Stor ballbinge (kanskje som skøytebane i vintersesongen) som nærmiljøtiltak v/ Kvam ungdomsskule. Er på ide-stadiet og må arbeidast vidare med.
 - * Det er gjeve ut 1 ØIL-nytt i perioden.
 - * Støtte til fotballgruppa for innkjøp av filmkamera.
 - * Støtte til etablering av ny/stor klatrevegg i Øystesehallen. Avtale mellom Kvam klatrekklubb og ØIL er på plass.
 - * ØIL har forskottert kr. 300 000 for å redusere "kunstgraslåna". Beløpet er no tilbakeført hovudlaget.
 - * NIL-invitasjon om samarbeid/samanslåing av seniorfotballen. Tidshorisonten som vart sett for underskriving av avtale er for kort. Ein grundig prosess er naudsynt. Ein slik prosess må avsluttast/ forankra i årsmøte, både i fotballgruppa og i hovudlaget.
 - * ØIL ynskjer å etablere symjegruppe. I første omgang ser styret etter instruktørar/hjelparar.
- * Medlemstalet i ØIL i 2009 har i forhold til 2008 auka med 5, til 661 medlemer.

INNVILGA STØNAD

- * Sognefjord Lerumcup Fotballgruppa.
- * Til del av filmkamera kjøpt inn av fotballgruppa.
- *
- * Sesongavslutningar for ulike lag og grupper.
- * Deltakaravgift for medlemer på diverse stemner.
- * Støtte til klatrevegg i Øystesehallen, kr. 40 000,-.

ØIL HAR ARRANGERT/ DELTEKE PÅ

- * Øystese-trimmen søndag 27. september
- * Tine-fotballskule
- * Øystese fotballakademi
- * Idrettsmerkeprøve 19. august
- *
- * Leikeparti for born 3-5 år (u. skulealder)
- * Allidrett for born 6-12 år (barneskuletrinnet)
- * Stemneparti for damer
- *
- * Postkassetrimmen
- * Idrettstilbod for SFO – samarbeid mellom ØIL og Øystese gymnas
- *
- * Fotballag i seriar på ulike aldersnivå
- *
- *
- * Fylkesidrettslekane med boccia/handicapgruppa
- * Handicapgruppa har delteke i boccia-serien
- * Sognefjord Lerumcup med aldersbestemte lag i fotball
- * Turngruppa deltok på kretsturnstemne i Åsane m/ 11 damer og landsturnstemne i Kristiansand med 12 damer.

STORHENDINGAR

- * Fotball-seniorane rykka opp i 3. divisjon
- * Fotball-damer junior vart kretsmeister i 2. div.
- * Fotball-jenter 95/96 vart kretsmeister i 2. div.

ØKONOMI

Generelt er laget sin økonomi god.

Øystese 07. mars -2010

Rune Vik
-skrivar-